- a) Eit utkast til oppgåve skal leggjast fram for oppgåveutvalet seinast to veker før prøven skal haldast, og oppgåva skal vera endeleg fastsett seinast ei veke før oppgåva skal gjerast kjend. Større endringar i høve til utkastet skal leggjast fram for oppgåveutvalet før oppgåva blir endeleg fastsett.
- b) Oppgåveutvalet skal spesielt kontrollere at oppgåvene er formulerte klårt og eintydig med tanke på fagleg innhald og form for oppgåvesvar, jf. pkt. 1.3.
- c) Der oppgåveutvalet ikkje vert samde, vert avgjerda teken med alminneleg fleirtal. Emneansvarleg har dobbeltstemme.
- d) Sensorrettleiinga skal ikkje utarbeidast endeleg før etter at oppgåveutvalet har godkjend oppgåva. Ei momentliste til vurderinga skal vere tilgjengeleg for studentrepresentantane etter at dei har vurdert oppgåva, før dei gjer greie for erfaringane sine for utvalet.

1.2. Nivå på eksamensoppgåver

- a) Eksamensoppgåver skal utformast under omsyn til emnet si læringsutbyteskildring.
- b) Oppgåve og sensorrettleiing skal utformast med sikte på at studentane sin samla relevante kompetanse, jf. læringutbyteskildringa, kjem til uttrykk og vert løna.
- c) Det skal takast omsyn til
 - a. den tida studentane har til rådvelde for å svare på oppgåva og eventuell ordgrense for oppgåvesvaret
 - b. kva kjelder/hjelpemiddel som er lovlege på den aktuelle eksamen
 - c. kva nivå i studiet oppgåva gjeld for. Faglege og metodiske forventningar skal byggje på studentane sine samla kunnskapar og ferdigheiter.
 - d. om oppgåva skal svarast på i gruppe eller individuelt.
 - e. at vurderinga (sensuren) skal skje i samsvar med dei kvalitative karakterskildringane og "Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag", jf. pkt. 4.2.b).

1.3. Krav til utforming av oppgåver

1.3.1. Samanhengen mellom læring og prøving

Oppgåver som er karakterteljande eller obligatoriske i emnet («obligatorisk kursoppgåve»), skal i form og innhald byggje på emneinnhaldet.

Det tyder at det kan inngå spørsmål som ikkje har vore handsama i undervisninga. Dette kan vere spørsmål som er dekte av hovudlitteraturen, spørsmål som studentane kan svare på ut frå lovlege hjelpemiddel under prøven, eller spørsmål som stiller krav til sjølvstendig resonnement ut frå læringsmåla til emnet og tidlegare emne.

1.3.2. Praktiske oppgåver («praktikum»)

- a) Oppgåver som tek utgangspunkt i eitt eller fleire praktiske tilfelle kan gå ut på å skrive ei nøytral utgreiing, men oppgåva kan også gå ut på å skrive tekstar av andre slag, som skriftleg rådgjeving til ein part, prosesskriv, avtaleklausul, dom, forvaltningsklage, innstilling til forvaltningsorgan, utkast til lovtekst eller forskrift, osb.
- b) Det skal gå klårt fram av oppgåva kva type tekst det er tale om.
- c) Studentane skal tidlegare i studiet ha fått høve til å skrive minst ein tekst av det slaget det vert bede om på skuleeksamen.

1.3.3. Andre typar oppgåver («teorioppgåver»)

- a) Oppgåver som ikkje, eller berre i liten grad, tek utgangspunkt i praktiske tilfelle ("teorioppgåver") kan mellom anna gå ut på å prøve kunnskapar og oversikt, forståing og evne til å sjå og drøfte rettspolitiske spørsmål eller samanhengar og perspektiv i lærestoffet, analyse av ein dom, ei lovføresegn, merknader til eit prosesskriv eller anna.
- b) Oppgåveteksten bør gje klare haldepunkt for den nærare avgrensinga av oppgåvesvaret.
- c) Ein bør unngå oppgåver som berre gjev korte og stikkordprega overskrifter ("avtalelova § 36", "rettsleg interesse") eller som svarar til bestemte overskrifter i læremiddel.

1.3.4. Fleire oppgåver ved same prøve

Blir det gjeve fleire oppgåver ved same prøve, skal det gå fram om lag kor stor vekt som skal leggjast på kvart av oppgåvesvara, til dømes ved prosentvis fordeling.

1.4. Arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver

- a) I alle emna i dei tre første studieåra skal den emneansvarlege seinast to veker før undervisninga startar gjere kjend dei arbeidsgruppeoppgåvene og storgruppeoppgåvene studentane skal svare skriftleg på, saman med ein timeplan som viser tidspunkt for levering av oppgåvesvar og kommentering og eventuelt fordelinga på individuelle svar og fellessvar. Dette gjeld ikkje oppgåver som er nemnde i punkt 1.3.
- b) Den emneansvarlege kan endre oppgåvene seinare, og både den emneansvarlege og storgruppeleiaren kan lage tilleggsoppgåver til bruk i storgruppemøte o.l.

2. Moment til vurderinga – sensorrettleiing

- a) Det skal skrivast sensorrettleiing til alle oppgåver i alle eksamenar. For masteroppgåva vert det vist til [Instruks for veiledning og sensur på JUS399 masteroppgave](#) og [Utfyllande reglar om rettleiing og vurdering - masteroppgåver](#). Det er ikkje krav om sensorrettleiing utover dette for masteroppgåver.
- b) Sensorrettleiinga skal kort gjere greie for kva slags problemstillingar det er rimeleg å vente at studentane tek opp. Der det finst fleire innfallsvinklar skal minst to av dei nemnast. Vidare skal det gjerast greie for kva grunnlag læringsaktivitetane, hovudlitteraturen og andre læremiddel har gjeve for å svare på oppgåva. Så langt det er råd, bør det òg gjevast retningslinjer for karakterfastsetjinga.
- c) Ein bør unngå at sensorrettleiinga inneheld ei utførleg framstilling av dei rettsspørsmåla oppgåva reiser eller kan reise, slik at det ikkje vert skapt eit urealistisk inntrykk av kva som kan krevjast av studentane.
- d) For spesialemne og andre eksamenar med berre ein kommisjon, er det utarbeidd mal for forenkla sensorrettleiing.

- e) Sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane etter at karakterane er fastsette, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 3. Av den grunn skal ho vere utstyrt med opplysning om at ho er innretta mot sensorane og ikkje kan lesast som ein mal for eit godt oppgåvesvar.

3. Sensorutval

- a) Det juridiske fakultet oppnemner eit fast sensorutval for eksamenar i masterstudiet, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2, delegert etter fullmakt frå Universitetsstyret. Tilleggsoppnemningar kan gjerast av dekanen eller studiedekanen om det trengst.
- b) For å verte godkjend vert det som utgangspunkt kravd eit vekta karaktersnitt på B (ev. 2,65) eller betre. I tillegg vil det samla karakterbildet bli vurdert, særleg med tanke på fordelinga av karakterar over tid og på aktuelle emne.
- c) For å bli godkjend som sensor vert det som hovudregel kravd minimum to års yrkes- og/eller undervisningserfaring.
Sporadiske undervisningsoppdrag som rettleiar og/eller oppgåverettar ved lærestader som tilbyr bachelor- og mastergrad i rettsvitenskap er ikkje tilstrekkeleg til å oppfylle kravet om undervisningserfaring. Eitt års engasjement som arbeidsgruppeleiar ved Det juridiske fakultet vil likevel reknast som eitt år med undervisningserfaring.
- d) Spesialisering og korvidt ein er personleg eigna vert òg teke med i vurderinga.
- e) Tilsette i vitskaplege stillingar kan nyttast som sensorar utan vidare godkjenning av fakultetet.
- f) Den emneansvarlege avgjer kva sensorar i utvalet som skal nyttast ved den einskilde eksamen.
- g) Tilsvarande prosedyre gjeld for oppnemning av oppgåverettarar og rettleiarar og undervisarar. Godkjenning vert gjort separat for kvar kategori.

4. Sensur for karakterteljande prøver

4.1. Tilhøvet til emneskildringane

Føresegnene her om sensur for karakterteljande prøver, skal leggjast til grunn der ikkje anna er fastsett i ei emneskildring.

4.2. Faglege kriterier for sensuren

- a) Vurderinga av prestasjonane skal ta omsyn til progresjonen i studiet, og skal skje ut frå innhaldet i emnet, læringsutbyteskildringa, prøvingsforma og det studietrinnet emnet er plassert på.
- b) Vurderinga skal gjerast på grunnlag av følgjande formulering i *Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag*, fastsett av Det nasjonale fakultetsmøtet 24. april 2003: *Måling av juridiske egenskaper og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette, angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke egenskaper som teller mest.*

Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas:

Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;

Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;

Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blick for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;

Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av syne grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;

Selvstendighet ved evne til å resonnere kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;

Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalvurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert.

4.3. Anonymitet

- a) Oppgavesvara til karakterteljande prøver, skal vere påførte kandidatnummeret til vedkomande student, men ikkje namnet.
- b) Sensuren skal elles òg - så langt det er fagleg eller praktisk mogleg - gjennomførast slik at studenten sin identitet ikkje er kjend for sensorane, jf. Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen § 7.7 og Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet § 3-9 nr. 3.

4.4. Gjennomføring av sensuren

- a) Det vert vist til Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet § 3-9 Alminnelige regler om sensur for formelle rammer for sensuren.
- b) Om det ikkje følgjer av emneskildringa at vurderinga skal vera Greidd/Ikkje greidd, skal det setjast ein karakter frå A til E for greidd og F for ikkje greidd, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 6.
- c) For kursoppgåver o.l. som blir vurderte saman med ein avsluttande prøve (mappevurdering), skal sensorane ta omsyn til kva stadium i kurset dei er skrivne på, og andre omstende rundt skrivninga (tid til skrivning, merknader frå medstudentar og undervisar osb.). At ein eller fleire prestasjonar isolert ikkje kunne ha fått greidd karakter, hindrar ikkje i seg sjølv at det kan setjast ein samla greidd karakter.
- d) Der kursoppgåver og liknande blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal desse vere med i vurderinga også i tilfelle av ny avsluttande prøve (kontinuasjonseksamen).
- e) Der eksamen er sett saman av fleire delar som vert sensurerte kvar for seg (eksamensdelar) må alle delane vere bestått før emnet er bestått, jf. § 6.3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen.
- f) Dersom fleire sensorar deltek i den ordinære sensuren i eit emne, bør kvar sensor ha sensur for minst tjue studentar.
- g) Der fleire sensorar sensurerer saman, skal dei setje ein felles karakter. Blir dei ikkje samde, skal den emneansvarlige peike ut en oppmann. For masteroppgåva peikar leiaren for Studieutvalet ut ein oppmann. Oppmannen får all tilgjengeleg informasjon frå sensorane, og fastset ein karakter innanfor dei rammene dei to har sett.

4.5. Nivåkontroll

- a) I sensuren av karakterteljande prøver i alle obligatoriske emne skal det gjennomførast nivåkontroll. Dette gjeld ikkje der det berre er ein kommisjon og emneansvarleg sjølv sensurerer.
- b) Nivåkontroll skal òg gjennomførast for klagesensur og sensur av kontinuasjonseksamen i alle obligatoriske emne. Dette gjeld ikkje der det berre er ein kommisjon og emneansvarleg sjølv sensurerer.
- c) Nivåkontrollen skal gjennomførast av emneansvarleg sjølv eller annen lærar som emneansvarleg utpeikar. Berre lærarar som deltok ved undervisning og/eller sensur ved same emne kan utføre nivåkontroll.

- d) Nivåkontrollen ved ordinær sensur skjer ved at kvar sensor sender inn eit oppgåvesvar som ligg heilt i den nedre grensa for kvart karakterintervall, det vil seie ein svak A, ein svak B, ein svak C, ein svak D og ein svak E.
Til nivåkontroll av klagesensur sender sensor inn eit oppgåvesvar som er sett til ein svak C, eit som er sett til ein sterk C og eit som er sett til ein sterk D.
- e) Etter at nivåkontrollen er gjennomført skal kvar enkelt sensor gjere dei endringar i karaktersetjinga som er naudsynte i lys av tilbakemeldingar frå nivåkontrolløren.

5. Grunngeving for sensurvedtak

- a) Studenten har krav på grunngeving der han eller ho har bede om det innan ei veke etter at sensuren fell.
- b) Ordinær sensur med ein sensor
Sensor grunngev sensurvedtaket etter førespurnad frå studenten det gjeld. Sensor avgjer sjølv om grunngevinga skal vera skriftleg eller munnleg.
Sensoren set opp ringetid eller annan kontaktinformasjon som høver med studentane sine rettar og med storleiken på kommisjonen.
- c) Sensur med to sensorar
Ved klagesensur eller annan sensur med to sensorar, avtaler dei to sensorane kven som gjev grunngevinga.
- d) Sensur med kontrollkommisjon
Der sensurvedtaket er fastsett etter handsaming i klagekommisjon, gjev kommisjonsleiaren grunngevinga.

6. Kontrollkommisjon

- a) Der klagesensuren har gjeve resultat som avvik med meir enn ein karakter frå det opphavlege sensurvedtaket, skal saka handsamast av ein kontrollkommisjon før sensurvedtaket vert gjort kjend, ref. Universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 6. Se og SU 65/18.
- b) Kommisjonen vert sett saman av opphavleg sensor, ein av klagesensorane og emneansvarleg. Emneansvarleg er leiar for kommisjonen.
- c) Der emneansvarleg har vore sensor for eitt eller fleire av oppgåvesvara, oppnemner studiedekanen ein annan leiar. Det same gjeld der emneansvarleg har vore ein av klagesensorane, og dei bestemmer at vedkommande skal møte i kommisjonen som klagesensor.
- d) Sensurfristen for klagesensorane må setjast så kort at det er tid til å halde klagekommisjonar før publisering.

7. Endringar i instruksen her

Fakultetsstyret vedtek endringar i instruksen her.
Studieutvalet kan vedta mindre endringar.

8. Ikraftsetjing

Instruksen trer i kraft frå studieåret 2019/2020. Samstundes vert desse oppheva:

- *Retningslinjer for utforming av prøvar i jusstudiet*
- *Retningslinjer for karakterfastsetjing*
- *Instruks om oppgåvegeving og sensur*
- *Retningslinjer for godkjenning og valg av sensorer og undervisere*

Endringen som foreslås i Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet § 3-9 er hovedsakelig begrunnet med at en del av reguleringen der er ivarettatt i den foreslåtte instruks, en del er unødvendig og uheldig gjengivelse fra Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen og en del er vurdert å ha mindre heldig språklig utforming. Forslaget går fram av vedtaksforslaget.

Forslag til vedtak:

1. SU innstiller overfor fakultetsstyret:
 - Instruks om oppgavegjeving og sensur vedtas som foreslått.
 - Med virkning fra samme tidspunkt oppheves
 - o Retningsliier for utforming av prøvar i jusstudiet
 - o Retningslinier for karakterfastsetjing
 - o Instruks om oppgavegjeing og sensur
 - o Retningslinjer for godkjenning og valg av sensorer og undervisere
 2. Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet § 3-9 Alminnelige regler om sensur skal lyde:
 1. Sensurfristen reguleres av [universitets- og høyskoleloven](#) § 3-9 nr. 4, [Forskrift om frister for sensur ved Det juridiske fakultet](#) og [Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver](#). Sensurdato opplyses i tilknytning til eksamen. Der sensuren faller senere enn det som er opplyst, skal ny dato publiseres i Mitt UiB.
 2. Sensur av arbeider som inngår i karaktergrunnlaget foretas av én sensor. Unntak:
 - a. Besvarelser som først vurderes til F eller Ikke bestått skal vurderes av ytterligere en sensor før endelig sensurvedtak fattes.
 - b. Masteroppgaver vurderes av to sensorer, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2 andre punktum.
 - c. Ved ny sensurering etter klage over sensurvedtak, benyttes to sensorer, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 5 første punktum.
 3. Krav om begrunnelse for sensurvedtak rettes primært til sensor på det tidspunkt («trefftiden») og på den måten fakultetet angir for den enkelte eksamen. Det er likevel adgang til å kreve begrunnelse inntil en uke etter kunngjøring av sensuren, jf. universitets- og høyskolelovens § 5-3 (1), tredje setning.
 4. Hvis studenten har henvendt seg til sensor i trefftiden skal begrunnelsen gis senest dagen etter at kravet ble satt fram. Overholder ikke sensor denne fristen, skal studenten underrette administrativt ansvarlig for studieåret/emnet samme dag eller senest neste morgen. Hvis studenten har framsatt krav om begrunnelse etter trefftiden, men innenfor lovens ytre frist, gis begrunnelse senest to uker etter at kravet er satt fram. Overholder ikke sensor denne fristen, skal studenten underrette administrativt ansvarlig for studieåret/emnet senest neste dag.
 5. Det gis ikke hovedkarakter for graden master i rettsvitenskap.
- Ikrafttredelse samtidig med pkt. 1.

Retningslinjer for utforming av prøvar i jusstudiet

Om utforming av oppgåver og eksamenar som er med i grunnlaget for karaktersetjinga.

Fastsette av fakultetsstyret 17.06.2003 med heimel i "Reglement for det Juridiske fakultet" § 1. Sist endra 14.12.2004.

1. Samanhengen mellom læring og prøving

Oppgåver som er med i grunnlaget for karaktersetjinga, skal i form og innhald byggje på kursinnhaldet. I oppgåvene kan det likevel inngå spørsmål som ikkje har vore oppe i kurset. Dette kan vera spørsmål som er dekte av kjernelitteraturen, spørsmål som studentane kan svara på ut frå lovlege hjelpemiddel ved prøven, eller spørsmål som stiller krav til sjølvstendig resonnement ut frå læringsmåla til det aktuelle kurset og tidlegare kurs. Oppgåver som blir gjevne til skuleeksamen bør i hovudsak gjelde tema som har vore oppe i kurset.

2. Praktiske oppgåver

Oppgåver som tek utgangspunkt i eitt eller fleire praktiske tilfelle kan gå ut på å skrive ei nøytral utgreiing, men oppgåva kan også gå ut på å skrive tekstar av andre slag, som skriftleg rådgeving til ein part, prosesskrift, avtaleklausul, dom, forvaltningsklage, innstilling til forvaltningsorgan, utkast til lovtekst eller forskrift, osv. Det skal gå klårt fram av oppgåva kva tekst det er tale om. Studentane skal tidlegare på kurset ha fått høve til å skrive minst ein tekst av det slaget det vert bede om på skuleeksamen.

3. Andre oppgåver

Oppgåver som ikkje eller berre i liten grad tek utgangspunkt i praktiske tilfelle ("teorioppgåver") kan mellom anna gå ut på å prøve kunnskapar og oversikt, forståing og evne til å sjå og drøfte rettspolitiske spørsmål eller samanhengar og perspektiv i lærestoffet.

Oppgåveteksten bør gje klare haldepunkt for den nærare avgrensinga av oppgåvesvaret. Ein bør unngå oppgåver som berre gjev korte og stikkordprega overskrifter ("avtalelova § 36", "rettsleg interesse") eller som svarar til bestemte overskrifter i læremiddel. Vidare bør ein unngå oppgåver som innbyr til uautoriserte standardoppsett e.l. ("analyser avgjerda i Rt. 2004.345").

4. Fleire oppgåver ved same prøve

Blir det gjeve fleire oppgåver ved same prøve, bør det gå fram omtrent kor

mykje vekt som skal leggjast på kvart av oppgåvesvara, til dømes ved prosentvis fordeling.

Retningsliner for karakterfastsetjing

Retningsliner for karakterfastsetjing i integrert masterprogram i rettsvitskap ved Det juridiske fakultet.

Vedteke av Styret for Det juridiske fakultet 5. desember 2003.

Sist endra av Fakultetsstyret 11. juni 2013.

Karakterfastsetjing i mastergradsstudiet og cand.jur.-studiet skal skje etter fylgjande retningsliner:

1. Vurderinga av prestasjonane skal ta omsyn til progresjonen i studiet, og skal skje ut frå innhaldet i kurset, læringmåla, prøvingsforma og det studietrinnet kurset er plassert på.

Vurderinga skal også skje på grunnlag av fylgjande formulering i "Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag", fastsett av Det nasjonale fakultetsmøtet:

"Måling av juridiske eigenskapar og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette, angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke eigenskapar som teller mest.

Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas :

- Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;
- Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;

- Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blikk for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;
- Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av syne grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;
- Selvstendighet ved evne til å resonnere kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;
- Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalvurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert."

2. Fakultetsstyret sjølv kan vedta endring av retningslinene her.

NB! Omtale av karakterskalen ligg i [Forskrift om opptak, studier, eksamen og grader ved Universitetet i Bergen](#), sjå § 7.1.

Instruks om oppgåvegjeving og sensur

Instruks om oppgåvegjeving og sensur for integrert masterprogram i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen.

Vedteke av styret 9.09.2003. Teksten er ajourført etter fakultetsstyrevedtak 16.06.2011 om ny studieplan og nye utfyllande reglar for masterstudiet. Sist endra av Fakultetsstyret 2. mai 2017.

1. Fastsetjing av oppgåver

1.1 Oppgåveutval

Oppgåveutval for kvart av dei fire første studieåra er kursansvarleg for det aktuelle kurset og to studentrepresentantar oppnemnd av fakultetet. Det kan gjerast heilt eller delvis unntak frå krav om studentdeltaking i utvalet dersom eigna studentrepresentantar ikkje let seg framskaffe. Kursansvarleg skal trekkje inn ein eller fleire seminar- eller storgruppeleiarar i oppgåveutvalet.

Studieårsansvarleg kallar inn til møta og møter sjølv etter behov.

For valemne og masteroppgåve skal det ikkje vera oppgåveutval. Den kursansvarlege fastset oppgåver for valemne.

1.2 Nivå på eksamensoppgåver

Eksamensoppgåver skal utformast under omsyn til emnet sine læringsmål og den undervisninga som har vore gjeven. Det skal takast omsyn til at vurderinga (sensuren) skal skje i samsvar med dei kvalitative karakterskiltringane, både dei generelle og dei fagspesifikke.

Oppgåve og sensorrettleiinga skal utformast med sikte på at studentane sine samla relevante ferdigheiter kjem til uttrykk og vert løna. Over tid (ein periode på 5 - 8 år) er det grunn til å venta at dette vert spegla i karakterstatistikken:

A: 8 - 12 % - B: 20 - 30 % - C: 24 - 36 % - D: 20 - 30 % - E: 8 - 12 %

1.3 Skuleeksamen, heimeeksamen o.l.

Oppgåver til skuleeksamen (individuell skriftleg prøve avvikla under kontroll) skal fastsetjast av den kursansvarlege etter samråding med oppgåveutvalet. Det same gjeld oppgåver til heimeeksamen eller liknande prøver som skal telje med i karakteren for kurset, og som ikkje skal vera kjende for studentane før ein bestemt dag.

Eit utkast til oppgåve skal leggjast fram for oppgåveutvalet seinast to veker før prøven skal haldast, og oppgåva skal vera endeleg fastsett seinast ei veke før oppgåva skal gjerast kjend, eller prøva skal haldast. Eventuelle endringar i høve til utkastet skal leggjast fram for oppgåveutvalet før oppgåva blir endeleg fastsett.

Sensorrettleiinga skal ikkje utarbeidas før studentane har løyst oppgåva på tilnærma eksamensvilkår. Ei momentliste til vurderinga skal vera tilgjengeleg for studentane etter at dei har løyst oppgåva, før dei gjer greie for erfaringane sine for utvalet.

Oppgåveutvalet skal spesielt kontrollere at oppgåvene er formulerte klårt og eintydig med tanke på fagleg innhald og form for oppgåvesvar, jf. retningsliner for utforming av prøvar i jusstudiet.

1.4 Andre kursoppgåver

For kurs i det tre første studieåra skal den kursansvarlege seinast to veker før kursstart leggje fram dei oppgåvene studentane skal svara skriftleg på i kurset, saman med ein timeplan som viser tidspunkt for levering av utkast og kommentering og fordelinga på individuelle svar og fellessvar. Dette gjeld ikkje oppgåver som er nemnde i punkt 1.2.

Den kursansvarlege kan endre oppgåvene seinare, og både den kursansvarlege og storgruppeleiaren kan laga tilleggsoppgåver til bruk i storgruppemøte o.l.

1.5 Moment til vurderinga (sensorrettleiing)

Den kursansvarlege skal laga moment til vurderinga (sensorrettleiing) for alle oppgåver. For oppgåver som ikkje inngår som grunnlag for karakteren for kurset, kan sensorrettleiinga sløyfast dersom den kursansvarlege finn grunn til det. Kravet om sensorrettleiing gjeld ikkje for den mindre avsluttande prøva i [EXFAC](#) Juridisk forprøve eller emne der det berre er ein kommisjon. Same krav gjeld for kontinuasjonseksamen. Retningslina i pkt. 1.3 tredje ledd gjeld ikkje for eksamenar som ikkje har oppgåveutval.

Sensorrettleiinga skal kort gjera greie for kva problemstillingar som det er rimeleg å vente at studentane tek opp. Vidare skal det gjerast greie for kva grunnlag kurset har gjeve for å svara på oppgåva. Så langt det er råd, bør det òg gjevast retningsliner for vurderinga.

Ein bør unngå at sensorrettleiinga inneheld ei utførleg framstilling av dei rettsspørsmåla som oppgåva reiser eller kan reise, og på det viset skapar eit urealistisk inntrykk av kva som kan krevjast av studentane.

Sensorrettleiinga skal gjerast tilgjengeleg for studentane etter at karakterane er fastsette, jf. universitets- og høyskoleloven § 5-3 nr. 3. Av den grunn skal ho vere utstyrt med opplysning om at ho er innretta mot sensorane og ikkje kan lesast som ein mal for eit godt oppgavesvar.

1.6 Teieplikt

Medlemmene av oppgåveutval har teieplikt om drøftingane i oppgåveutvalet og om oppgåveframlegg og fastsette oppgåver til oppgåvene er gjorde kjende for studentane.

Sensorane har teieplikt om karakterar og grunnlaget for karaktersetjinga. Om teieplikta og avgrensinga av plikta gjeld elles forvaltningslova §§ 13-13c.

2. Sensorutval

Det juridiske fakultet nemner opp eit fast sensorutval for eksamenar i masterstudiet, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2 og delegert etter fullmakt frå Universitetsstyret. Tilleggsoppnemningar kan gjerast av dekanus eller prodekanus om det trengst. Ny oppnemning av sensorutval skal gjerast kvart tredje år, men tidlegare oppnemning gjeld i alle tilfelle til nytt vedtak er gjort.

Den kursansvarlege avgjer kva sensorar i utvalet som skal nyttast ved den einskilde eksamen.

Sensorar skal som hovudregel ha karakteren 2.65, eventuelt eit karakternivå på B eller betre, jf. retningsliner vedtekne 17. juni 2003 av styret ved Det juridiske fakultet.

3. Sensur for avsluttande prøve og andre teljande oppgåver

3.1 Tilhøvet til kursplanane

Føresegnene her om sensur for avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal leggjast til grunn der ikkje anna er fastsett i ein kursplan.

3.2 Avsluttande prøve

Er ikkje anna fastsett i kursplanen, skal kurset avsluttast med ein individuell skriftleg prøve under kontroll, jf. det som er sagt i studieplanen under "Vurderingsformer". Om tillatne hjelpemiddel gjeld Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, §§ 3-5 til 3-7.

Til prøven får studentane fire timar om ikkje anna er fastsett i kursplanen.

3.3 Anonymitet

Oppgavesvara til avsluttande prøve og oppgavesvar som skal vurderast saman med avsluttande prøve, skal vera påførte eksamensnummeret til vedkomande student, men ikkje namnet, jf. Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, § 3-8 (3). Sensuren skal elles òg - så langt det er praktisk mogleg - gjennomførast slik at namnet på studenten ikkje er kjend for sensorane før karakterane er leverte til fakultetet.

3.4 Kommisjonssensur

Om det ikkje følgjer av kursplanen at vurderinga skal vera stått/ikkje stått, skal det setjast ein karakter frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 6.

For dei tre første studieåra bør ein sensor ikkje få oppgavesvar frå studentar som han har vore storgruppeleiar for.

Karakteren for kurset skal fastsetjast etter ei samla vurdering av dei dokumenterte prestasjonane, jf. det som er sagt i studieplanen om "Karakterskala", særskilt underpunkt b). Karakteren treng ikkje svara til eit "gjennomsnitt" av eventuelle hjelpekarakterar for kvar av prestasjonane. For kursoppgåver o.l. som blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal sensorane ta omsyn til kva stadium i kurset dei er skrivne på, og andre omstende rundt skrivninga (tid til skrivning, merknader frå medstudentar og lærar osb.). At ein eller fleire prestasjonar isolert ikkje kunne ha fått ståkarakter, hindrar ikkje i seg sjølv at det kan setjast ein samla ståkarakter.

Der kursoppgåver og liknande blir vurderte saman med avsluttande prøve, skal desse vera med i vurderinga også i tilfeller av ny avsluttande prøve (kontinuasjon).

Dersom det deltek fleire sensorar, bør kvar sensor ha sensur for minst tjue studentar. Sensorane skal setje ein felles karakter for kurset. Blir dei ikkje samde, skal den kursansvarlege peike ut en oppmann. For masteroppgåva peiker leiaren for Studieutvalget ut ein oppmann. Den av karakterane frå dei to sensorane som ligg nærast karakteren som oppmannen set, skal vera karakteren for kurset.

4. Nivåkontroll

For obligatoriske fag skal det gjennomførast nivåkontroll ved vurderinga av avsluttande prøve og prestasjonar som skal vurderast saman med avsluttande prøve.

Nivåkontrollen skal gjennomførast av kursansvarleg sjølv eller annen lærar som kursansvarlege utpeikar. Berre lærar som deltok ved undervisning og sensur ved same kurs kan utføra nivåkontroll. Nivåkontrollen skjer ved at kvar sensor sender inn eit oppgåvesvar som ligg heilt i den nedre grensa for kvart karakterintervall, det vil seia ein svak A, ein svak B, ein svak C, ein svak D og ein svak E.

Etter at nivåkontrollen er gjennomført skal kvar enkelt sensor gjera dei endringar i karaktersetjinga som er naudsynpte i lys av eventuelle endringar som er fastsett av nivåkontrolløren.

Ved sensur der det er få kandidater som tek eksamen, og kursansvarleg ikkje tek sensuren sjølv, gjeld reglane over så langt dei høver

5. Kommentering av kursoppgåver m.m.

Den kursansvarlege peiker ut personar som skal kommentere og eventuelt vurdere svar på kursoppgåver m.m., når det ikkje er tale om vurdering som inngår i fastsetjinga av karakteren for kurset. Desse personane treng ikkje stå i sensorutvalet eller fylle vilkåra for å vera sensor. Det gjeld sjølv om oppgåvesvaret seinare, i same eller ny versjon, blir levert til vurdering saman med avsluttande prøve, og det gjeld òg for oppgåver som må vera greidde før studenten kan gå opp til avsluttande prøve.

6. Innlevering av oppgåvesvar

Oppgåvesvar skal leverast elektronisk i den form og til dei fristar som vert gjort kjent for den einskilde levering. Studenten sitt namn skal ikkje gå fram av oppgåvesvaret. For obligatoriske skriftlege arbeid kan unntak frå desse fråsegnene gjerast i kursbeskrivinga. For friviljuge skriftlege arbeid kan unntak gjerast av den einskilde lærar/rettleiar.

7. Endringar i instruksen her

Fakultetsstyret sjølv kan vedta endringar i instruksen her.

Retningslinjer for godkjenning og valg av sensorer og undervisere

Retningslinjer for godkjenning og valg av sensorer og undervisere ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen

Vedtatt av styret for Det juridiske fakultet 17.06.2003. Sist endret i SU 3.3.2016

1. Godkjenning av sensorer og undervisere

- a. Sensorer og undervisere godkjennes av pro-/visedekan for undervisning.
- b. For å bli godkjent kreves som utgangspunkt et vektet karaktersnitt på minst karakteren B, eventuelt karakteren 2.65. I tillegg vil det samlede karakterbildet vurderes, særlig med henblikk på fordelingen av karakterer over tid og på aktuelle emner.
- c. For å bli godkjent som sensor på spesialemner og eksamener på 1. – 4. studieår kreves det normalt minimum to års yrkes- og/eller undervisningserfaring.
- d. Spesialisering og personlig egnethet vektlegges også i vurderingen.
- e. Ansatte med førstestillingskompetanse i rettsvitenskap kan brukes som sensorer og undervisere uten godkjenning av pro-/visedekan for undervisning.

2. Valg av sensorer

Den emneansvarlige velger ut sensorer blant de som er godkjent av fakultetet. Den administrativt ansvarlige kan bistå den emneansvarlige i dette arbeidet. Er det ikke mulig å få et tilstrekkelig antall sensorer, skal den emneansvarlige i samråd med pro-/visedekan for utdanning rekruttere nye sensorer.

3. Valg av undervisere

Den emneansvarlige velger ut undervisere blant de som er godkjent, ref. pkt. 1. Den administrativt ansvarlige kan bistå den emneansvarlige i dette arbeidet. Er det ikke mulig å få et tilstrekkelig antall undervisere, skal den emneansvarlige i samråd med pro-/visedekan for undervisning rekruttere nye undervisere.

§ 3-9 Alminnelige regler om sensur [Fra Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet]

1. Sensurfristen reguleres av [Forskrift om frister for sensur ved Det juridiske fakultet](#) og [Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver](#).
2. Sensur av arbeider som inngår i karaktergrunnlaget foretas av én sensor, likevel slik at besvarelser som samlet vurderes til F eller Ikke bestått skal vurderes av to sensorer. Sensuren skal utføres i samsvar med "Retningslinjer for karaktersetjing i mastergradsstudiet."
3. Skriftlige besvarelser skal så vidt mulig anonymiseres.
4. Sensurdato opplyses i tilknytning til eksamen.
5. Der sensuren faller senere enn det som er opplyst, skal ny dato publiseres i Mitt UiB.
6. Der sensuren faller tidligere enn det som er opplyst, regnes frist for begrunnelse og for klage fra den datoen som er opplyst i forbindelse med eksamen.
7. Krav om begrunnelse for sensurvedtak rettes primært til sensor på det tidspunkt og på den måten fakultetet angir for den enkelte eksamen (trefftiden). Det er likevel adgang til å kreve begrunnelse inntil en uke etter kunngjøring av sensuren, jf. universitets- og høyskolelovens § 5-3(1), tredje setning.
8. I tilfeller der studenten har henvendt seg til sensor i trefftiden, jf. punkt 7, første setning ovenfor, skal begrunnelsen gis senest dagen etter at kravet ble satt fram. Overholder ikke sensor denne fristen, skal studenten underrette administrasjonen ved den studieårsansvarlige samme dag eller senest neste morgen. Dersom studenten har framsatt krav om begrunnelse etter trefftiden, men innenfor lovens ytre frist, gis begrunnelse senest to uker etter at kravet er satt fram.
9. Der klagesensur av JUS399 Masteroppgaver 30 studiepoeng, JUS397 Masteroppgave forskerlinje (70 studiepoeng) og JUS396 Masteroppgave (60 studiepoeng) fører til at opprinnelig karakter endres med mer enn to karaktertrinn og konkluderer med karakteren F, skal oppgaven sendes til ny sensur med to nye sensorer.
10. Der studieadministrasjonen ser at klagesensuren har endret karakteren to trinn eller mer til ugunst, skal klagesensorene orienteres om dette og det henstilles til dem å gi skriftlig begrunnelse for vedtaket. Det skal likevel gjøres klart for sensorene at valget mellom skriftlig og muntlig begrunnelse fortsatt er deres.
11. Det gis ikke hovedkarakter for graden master i rettsvitenskap.

Sak 8/19

Utgår.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 9/19***Honorering av emneansvar og sensur JUS325 Rettshjelp***

Godskriving av praksis fra Jussformidlingen – eventuelt fra tilsvarende rettshjelppraksis (JussBuss og JURK i Oslo), eventuelt i kombinasjon med en «praksisrapport», har sin opprinnelse tilbake i 1998. I sak 50/98 (19. mai 1998) vedtok fakultetsstyret at «[a]rbeid ved Jussformidlinga i samsvar med arbeidsavtale» inngår i rekken av «eksamenar» som gir fritak for eksamen i valgemne, på grunnlag av «stadfesting frå Jussformidlinga ved dagleg leiar om at den tilsette har utført arbeid i samsvar med arbeidsavtale over tre semester». Det var tale om fritak for «inntil 5 vektall» - dvs. 15 studiepoeng og altså ikke tale om noen rapport.

I 2003 ble godskrivingen økt til 30 studiepoeng mot at det også ble innført krav om en rapport som skulle «godkjennes» av fakultetet. Det er ikke sagt noe om faglige krav til rapporten eller honorering av «sensuren» av den.

I 2004 tok Bjørnar Borvik over som emneansvarlig for JUS325. Av hans timerapportering – og merknadene til disse – i perioden etter det, går det fram at satsen for dette emneansvaret har vært basert på satsen for emneansvar for obligatoriske emner, uten tillegget pr. studiepoeng. På det tidspunktet var også bemanning av kontrollkommisjon del av emneansvaret for JuS325.

Da det ble slutt på B-tillegg for deltakelse i kontrollkommisjon, gikk oppgaven med bemanning over til Jussformidlingen selv.

Fra 2010 iverksatte emneansvarlig tiltak for å synliggjøre de faglige kravene i emnet og nivået på disse. Det var heller ikke da nedfelt noe om godskriving for emneansvaret utover det som hadde vært gjeldende i alle fall fra 2004. Godskrivingen ble økt fra 45 til 50 timer med henvisning til at den var økt til 50 timer for obligatoriske emner.

Det er altså langvarig praksis for at samlet emneansvar, inkludert sensur av rapportene, har vært godskrevet som grunnsatsen for obligatoriske emner, for tiden 50 timer/år. Dette vil i all hovedsak tilsvare den samlede godskrivingen som kan utledes av ordinære satser for emneansvar samt ordinære satser for sensur av hjemmeeksamen. Sensur av hjemmeeksamen honoreres med 1,5 timer/besvarelse, det skilles ikke mellom karaktersystemene. Vi har hatt ca. 26 kandidater/år, det gir 39 timer for sensuren. Vi legger til grunn at siden emnet tilbys to ganger pr år, godskrives også timer for emneansvar to ganger pr. år. Dette gir til sammen 39 + 10 + 10 timer = 59 timer pr. år.

Det kan være ønskelig med en synliggjøring av grunnlaget for godskriving i dette emnet – det tas ikke sikte på en endring av gjeldende realitet. Spørsmålet er om «emneansvar inkludert sensur» for JUS325 bør være en egen post på for eksempel 50 timer slik det er nå, eller om det bør følge de ordinære satsene med 10 timer for emneansvaret og særskilt honorering av sensuren i henhold til gjeldende satser for det.

Forslag til vedtak:

Emneansvar for JUS325 Rettshjelp honoreres etter ordinær sats (1 time/studiepoeng = 10 timer) to ganger pr år, siden emnet tilbys to ganger pr år.

Sensur av hjemmeeksamen i JUS325 honoreres som hjemmeeksamen for øvrig, for tiden 1,5 t/besvarelse.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 10/19**JUS257-2-A Grunnleggende selskapsrett. Undervisningstilbud.**

Vi har mottatt en henvendelse fra emneansvarlig Filip Truyen:

From: Filip Truyen <FTR@wr.no>
Sent: Thursday, January 24, 2019 11:19 AM
To: Spesielemner <Spesielemner@jurfa.uib.no>
Subject: Undervisning i JUS 257-2-A og JUS 257-2-B - Forslag til endringer

Hei

I dag er det undervisning i JUS 257-2-A både vår og høst. Forelesningen for JUS 257-2-B går kun om våren.

Vanligvis er det godt oppmøte på forelesningene i JUS 257-2-A om høsten, mens det er vesentlig færre om våren. På første forelesning våren 2019 (den 21. januar) møtte det kun fire studenter.

Til gjengjeld er det mange som skriver masteroppgave i selskapsrett om våren. Det vil være fordel om de som planlegger å skrive om selskapsrett får en mulighet til å følge forelesningen i JUS 257-2-B (Aksjeselskapsrett fordypning) om høsten.

På denne bakgrunn vil jeg foreslå følgende:

- Undervisningen i både JUS-257-2-A og JUS 257-2-B legges til høstsemesteret.
 - Det vil ikke bli undervisning i selskapsrett om våren. I den grad forelesningene for JUS 257-2-A i høstsemesteret filmes, bør disse opptakene gjøres tilgjengelig for studentene det påfølgende vårsemester.

[...]

Innholdet i henvendelsen er i god overensstemmelse med fakultetets ønske om å effektivisere spesielemneporteføljen.

Endringen anses ikke å være vesentlig, og den er derfor innenfor Studieutvalgets kompetanse.

Samtidig er det ønskelig å tilby eksamen bare i undervisningssemestrene. Dette gjelder generelt for alle emner, men av flere grunner venter vi med en sak om en slik ny hovedregel. Det er imidlertid naturlig å vedta en slik endring for de to selskapsrettseminene samtidig med omleggingen av undervisning for JUS257-2-A.

Forslag til vedtak:

Fra og med studieåret 2019/2020 tilbys undervisning og eksamen i JUS257-2-A Grunnleggende selskapsrett bare i høstsemesteret.

Fra og med studieåret 2019/2020 tilbys eksamen i JUS257-2-A Aksjeselskapsrett fordypning bare i undervisningssemestre.

Begge emner tilbyr kontinuasjonseksamen: Studenter som har hatt gyldig vurderingsmelding til en ordinær eksamen i emnet og som har eksamensforsøk igjen i emnet, kan be om å bli meldt til ny eksamen på slutten av neste semester.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 11/19

Honorering for oppgaveskriving

Saken gjelder en oppklaring av hvordan skriving av praktikumsoppgaver for hhv obligatorisk kursoppgave og hjemmeeksamen skal honoreres.

Slik det er nå, er det ingen egen normering for skriving av obligatorisk kursoppgave. Vi har en normering for å skrive praktikum til hjemmeeksamen, den tilsier 8 timer, og har ventelig i praksis vært lagt til grunn også for skriving av obligatoriske kursoppgaver.

Videre er her en forskjell mellom normeringen av å lage praktikum til skoleeksamen og å lage praktikum til hjemmeeksamen, som kan være vanskelig å forklare: For skoleeksamen godskrives man med 16 timer, for hjemmeeksamen med åtte.

Disse to forholdene trenger en avklaring.

Historisk:

I desember 2007 vedtok fakultetsstyret Holgersenutvalgets innstilling, sak 71/07. Styret overlot samtidig til SU «å fastsette arbeidsbeskrivelse for kursansvarlig, storgruppeleder, arbeidsgruppeleder og masteroppgavekoordinator (rollebeskrivelse) i samsvar med forslag i vedlegg til saksforelegget og styrets kommentarer til dette».

Rollebeskrivelsene ble senest revidert av fakultetsstyret i mars 2013 (sak 23/13). Der heter det om kursansvarliges rolle (i obligatoriske kurs):

Oppgaver som kommer i tillegg, og honoreres særskilt

- Forberede og gjennomføre forelesninger, 5t/time
- Utarbeidelse oppgaver til hjemmeeksamen/obligatorisk prøve, 8 timer
- Utarbeidelse oppgaver skoleeksamen, 16 timer
- Sensorveiledning, 9 timer
- Nivåkontroll pr besvarelse: 1.5 time/oppgave

Av dette slttes:

Dette peker klart nok i retning av at obligatorisk oppgave og hjemmeeksamen har vært ansett som samme sak på dette tidspunktet og i denne sammenhengen. Nå skal det bemerkes at på det tidspunktet dette ble behandlet i styret, hadde vi ingen emner med (faktisk) hjemmeeksamen, sånn at det man sikter til i andre strekpunkt utvilsomt er obligatorisk kursoppgave. Vi kan også si med stor grad av sikkerhet at faktisk hjemmeeksamen (slik vi nå har i JUS121 Norske og internasjonale rettslige institusjoner og JUS134 Rettshistorie og komparativ rett), med prøving av hele emnets læringsmål ikke er ment å være omfattet av denne normeringen. Det forklarer langt på vei at det nå er en stor forskjell på honoreringen av praktikum til skoleeksamen og praktikum til hjemmeeksamen. Denne forskjellen framstår nå som mindre godt begrunnet.

Basert på en vurdering av hva som har vært tilsiktet av fakultetsstyret og øvrige aktører som har vært involvert i å fastsette rammene for timeregnskapet, og hva som framstår som rimelig. Framsettes følgende

forslag til vedtak:

Studieutvalget innstiller overfor fakultetsstyret:

1. Å skrive praktikumsoppgave med retteveiledning til obligatorisk kursoppgave normeres til åtte timer.
2. Å skrive eksamensoppgave – praktikum eller teori – til (tellende) hjemmeeksamen, normeres på samme måte som tilsvarende oppgaver for skoleeksamen.

[Tilbake til sakslisten](#)

Forslag til justering av eksamensplan vår 2019

I eksamensplanen for vår 2019 er tre eksamener plassert slik at gjentak av eksamener kommer i konflikt med eksamener på studentenes eget studieår. De berørte eksamenene er i JUS123 (tirsdag 11. juni), JUS134 (tirsdag 11. til fredag 14. juni) og JUS243 (onsdag 12. juni). Denne plasseringen av eksamenene medfører at studenter på tredje studieår som tar opp JUS123 mister tilsvarende tid fra sin hjemmeeksamen i JUS134. Samtidig vil studenter på fjerde studieår som tar opp JUS134 miste tid tilsvarende eksamen i JUS243, som også finner sted under hjemmeeksamen i JUS134.

Juridisk Studentutvalg har forståelse for at planlegging av eksamener er krevende og avhengig av faktorer både innenfor og utenfor fakultetets kontroll. I år er det særlig 2. pinsedag som skaper problemer, ettersom eksamen i JUS123 må forskyves i forhold til den vanlige gjennomføringen på mandag i den uken.

Vi mener likevel at det ikke er holdbart å planlegge eksamensgjennomføring slik at enkelte studenter har to eksamener i samme tidsrom. All den tid studentene har en rett til å ta opp eksamener, må slike kollisjoner enten unngås eller avhjelpes. For å løse denne uheldige situasjonen foreslår JSU tre alternative vedtak.

Alternativ 1 går ut på å flytte eksamenene i JUS123 og JUS243 til fredag 7. juni. Forslaget har den fordelen at det eliminerer overlappingen mellom eksamener fullstendig, da studenter på fjerde studieår uansett ikke kan ta eksamen i JUS123. Ulempen med dette alternativet er at eksamenene flyttes henholdsvis fire og fem dager bak i tid, slik at studentene som skal avlegge dem får noe kortere tid til å gjennomføre kurset. Ettersom begge kursene går over nokså lang tid, er endringen relativt sett liten. Omfanget av konsekvensene økes likevel av at endringen vil berøre samtlige studenter på andre og fjerde studieår.

Alternativ 2 går ut på å utvide innleveringsfristen for eksamen i JUS134 for tredjeårsstudenter som er meldt opp til gjentak av JUS123. Samtidig gjøres den samme utvidelsen for fjerdeårsstudenter som tar eksamen i JUS134 igjen. Utvidelsen av fristen er syv timer, noe som tilsvarer den tiden studentene må være i eksamenslokalet til bokkontroll og ordinær tid til gjennomføring av eksamen (seks timer for både JUS123 og JUS243). Samlet sett vil studentene da ha samme tid til rådighet i JUS134 som normalt. Dette alternativet har den fordelen at det er den minst omfattende tilpasningen. Endringen berører kun de studentene som selv rammes av overlappet mellom eksamenene. En mulig ulempe er at studenter kan trekke seg fra skoleeksamen i JUS123 eller JUS243, og slik oppnå bedre tid til eksamen i JUS134 enn tiltenkt. Dette avhjelpes langt på vei av at fristen for oppmelding til eksamen alt er utløpt, slik at denne svakheten ved alternativ 2 bare i begrenset grad kan utnyttes til å få ekstra tid. JSU anbefaler dette alternativet, ettersom det samlet sett er den smidigste løsningen og den som i minst grad berører andre studenter enn dem som er direkte omfattet av problemet.

Som alternativ 3 foreslår vi at studenter som berøres av kollisjonen få ta eksamen i JUS123 eller JUS134 ved kontinuasjonseksamen i sommer. En tilsvarende ordning gjelder alt for arbeidsgruppeledere som ikke kan ta eksamener igjen i samme semester som de underviser i et emne. Dette alternativet unngår kollisjoner med andre eksamener studentene skal ha. Samtidig unngår det at studenter kan trekke seg fra en skoleeksamen for å få bedre tid til å gjennomføre hjemmeeksamen i JUS134. Den største ulempen er at et betydelig antall eksamenskandidater flyttes fra ordinær eksamen, hvor det er planlagt god sensurkapasitet, til konteeksamen hvor kapasiteten er langt mindre. For studentene er det også en betydelig ulempe å måtte bruke store deler av sommeren på forberedelse til eksamen. For fakultetet er det heller ikke gunstig at disse studentene er mindre uthvilte når de kommer tilbake etter sommeren. Alternativet bør derfor kun vurderes som en nødløsning dersom alternativ 2 ikke kan gjennomføres.

Forslag til vedtak

Alternativ 1:

Eksamen i JUS123 flyttes til fredag 7. Juni og eksamen i JUS243 flyttes til fredag 7. Juni.

Alternativ 2:

For studenter som er meldt opp til gjentak av eksamen i JUS123 er innleveringsfristen for eksamen i JUS134 14. juni klokken 21.30. For studenter som er meldt opp til gjentak av eksamen i JUS134 gjelder samme utvidelse av fristen.

Alternativ 3:

Studentene som ønsker å ta opp JUS123 og JUS134 kan ta den ved kontinuasjonseksamen sommeren 2019.

Merknad fra studieadministrasjonen

Det som er nytt i år, er at eksamen i JUS123 Forvaltningsrett II er plassert i samme periode som hjemmeeksamen i JUS134 Rettshistorie og komparativ rett. Tidligere har JUS123 vært plassert mandag i uke 24, mens hjemmeeksamen i JUS134 gikk tirsdag – fredag samme uke. I år er 2. pinsedag den aktuelle mandagen, og eksamen i JUS123 er plassert tirsdag den aktuelle uken.

Vi har tidligere «alltid» hatt eksamen i JUS243 Alminnelig formuerett i perioden for hjemmeeksamen i JUS134, og det har ikke vært innvilget noen tilrettelegging for å ivareta ønske om frivillig gjentak av JUS243. Vi har en ordning for å ivareta behovet for dem som ikke har bestått noen av emnene.

På den ene siden er det antakelig mest nærliggende å behandle JUS123 på samme måte som JUS243 alltid har vært behandlet – vi tilrettelegger for dem som ikke har bestått noen av emnene, men ikke for dem som har bestått (minst) ett av dem og ønsker å gjenta bestått eksamen.

På den andre siden kan det anføres at det er en «kalendertilfeldighet» (plasseringen av 2. pinsedag) som avskjærer kombinasjonen av JUS123 og JUS134 i år, og at det derfor kan være mer nærliggende å dispensere fra sperren mot å tilrettelegge for gjentak av bestått eksamen – etter alternativ to eller tre fra JSU.

Til dette siste skal bemerkes at der det *av andre grunner* måtte være formålstjenlig å legge eksamen i JUS123 Forvaltningsrett II i perioden for hjemmeeksamen i JUS134 Rettshistorie og komparativ rett, ville det blitt gjort uten hensyn til frivillig gjentak av eksamen. Hensynet til gjentak av bestått eksamen er ikke styrende for noen del av planleggingen av undervisning og/eller eksamen.

Til forslag 1:

Det er ikke ønskelig å ha eksamen i JUS123 Forvaltningsrett II og JUS243 Alminnelig formuerett samtidig: det er alltid et antall studenter som har begge i utdanningsplanen sin (det gjelder altså studenter som ikke har bestått noen av dem). Eksamensplanen – og studieplanen for øvrig – må primært innrettes etter studentenes gjennomføring, ikke etter ønske om gjentak av bestått eksamen. I tillegg vil dette forslaget skape betydelige utfordringer for SA, som i en allerede presset eksamensperiode vil måtte finne eksamenslokaler til nærmere 900 studenter på én og samme dag. Dette vil neppe være praktisk gjennomførbart.

Til forslag 2:

Den unntaksbestemmelsen det vises til, gjelder ikke gjentak av bestått eksamen (i JUS123 Forvaltningsrett II). Det er tale om en tilpasning for studenter som har JUS123 Forvaltningsrett II og JUS134 Rettshistorie og komparativ rett i utdanningsplanen sin – dvs. de har ikke bestått noen av dem.

Til forslag 3:

Dette vil ikke forpurre noen del av eksamensplanen, men bryter markant mot prinsippet om ikke å legge til rette for gjentak av bestått eksamen. Vi må også vente at en slik ordning vil føre til en økning av antallet studenter til kontinuasjonseksamen i ett eller begge disse emnene, som vi ikke har høyde for med hensyn til eksamensavvikling og sensur.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 13/19

Sensorveiledninger fra og med studieåret 2019/2020

I sitt møte den 17. oktober 2018 fattet SU vedtak (sak 79/18) om utforming av sensorveiledninger for spesialekser gjeldende for H18. Vedtaket ble bekreftet av fakultetsstyret i deres møte den 30. oktober (sak 69/18).

SU vil med dette legge mer permanente rammer rundt kravene til sensorveiledninger for alle typer eksamener.

1. Ordningen for sensorveiledninger for spesialekser som ble vedtatt i fakultetsstyret 30. oktober 2018, gjeldende for høsten 2018, forlenges til og med våren 2019. Herunder også den malen for sensorveiledninger til spesialekser som ble sendt ut til de emneansvarlige den 5. november 2018 (satt inn i saken her).
2. Sensorveiledninger for spesialekser fra og med V19, følger samme mal som sensorveiledninger for kontinuasjonseksamener fra samme tidspunkt. Se pkt. 4 under her.
3. Sensorveiledninger for masteroppgaver: Det vises til Fellesprosjektets [Instruks for veiledning og sensur på JUS399 masteroppgave](#). Det er et selvstendig poeng at sensorer og veiledere skal gjøre seg kjent med hverandres instruks, med sikte på harmonisering av veiledning og sensur.
4. Sensorveiledninger for kontinuasjonseksamener og spesialekser, gjeldende fra og med H19, inkludert kontinuasjonseksamen i august 2019.
 - a. Fra og med lovendring i kraft 1. juli 2018, er det krav om skriftlig sensorveiledning til *alle* eksamener, jf. universitets- og høyskoleloven § 3-9 nr. 2 siste punktum.
 - b. For eksamener med bare én kommisjon, utarbeides en forenklet sensorveiledning, etter samme mal som den som ble utarbeidet som mal for spesialekser for H18. Utarbeidelse av disse sensorveiledningene honoreres med to timer.
 - c. For eksamener med mer enn én kommisjon, utarbeides en mer utførlig sensorveiledning, dvs. etter samme mal som den som gjelder for ordinære, obligatoriske emner. Utarbeidelse av en slik sensorveiledning honoreres med 8 timer (som nå).
 - d. «Stor sensorveiledning» skal følge samme mal som den forenklete, til og med første avsnitt under overskriften «Vurderingen av eksamensprestasjonene skal ta utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivelsen». Videre kan den følge samme oppsett med hensyn til overskrifter/disposisjon, men den kan være betydelig mer detaljert og inngående i drøftelsen av de enkelte punktene under, og er fristilt med hensyn til hvilke punkter det er formålstjenlig å ha med – det kan være færre eller flere enn de som inngår i den forenklete veiledningen. Malen kan tjene som en huskeliste.
 - e. I tvilstilfeller må emneansvarlig selv undersøke med studieadministrasjonen hvor mange studenter som er meldt til eksamen for å planlegge hvilken veiledning som skal skrives.

Sensorveiledning til spesialelever og kontinuasjonseksamener

Til sensorene:

Karakterfastsettelsen skal skje på grunnlag av «Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag», fastsatt av Det nasjonale fakultetsmøtet, som er gjengitt senere i denne sensorveiledningen. For bedømmelser av praktikumsoppgaver vil imidlertid fakultetet gjøre særskilt oppmerksom på at det i de senere år har vært observert en tendens til at en del studenter bruker mye plass innledningsvis på standardiserte fraser som ikke knyttes opp til den konkrete eksamensoppgaven.

Formålet med praktikumsoppgaver er å teste studentenes evne til å løse praktiske oppgaver, herunder å koble sammen juss og faktum på en skjønnsom måte. Metodiske ferdigheter skal stå sentralt i bedømmelsen. Slike demonstreres først og fremst gjennom den konkrete rettsbruken, ikke gjennom generelle og standardiserte innledninger. Det er først og fremst studentens evne til å anvende rettsreglene på det konkrete faktum som skal belønnes i sensuren. Studenter som bruker mye tid og plass på selvølgeligheter og standardiserte fraser, og som ikke kommer nok i dybden på drøftelsene av oppgavens sentrale spørsmål, bør trekkes for dette.

Fakultetet finner også grunn til å understreke at det ikke er slik at det finnes ett og bare ett «riktig» oppsett for enhver praktikumsbesvarelse. Avvik fra sensorenes foretrukne oppsett skal ikke i seg selv gi utslag i sensuren.

Å formidle gode juridiske resonnementer krever et enkelt, klart og effektivt språk.

Studenter som skriver lettfattelig, presist og poengtert skal få uttelling for dette. Upresise og omstendelige drøftelser skal gi trekk. Særlig for de mest omfangsrrike besvarelsene må sensorene være oppmerksomme på dette – dersom alle de ekstra ordene ikke tilfører noe særlig til drøftelsene, skal dette gi trekk. Overdreven bruk av avsnitt bør gi trekke dersom det stykker opp drøftelsene på et vis som gjør det vanskelig for leseren å få grep om helheten i studentens resonnement.

Til studenter som leser sensorveiledningen i et læringsperspektiv:

Denne sensorveiledningen er utformet for å gi retningslinjer for sensorenes vurdering av eksamensbesvarelser i lys av læringsutbyttebeskrivelsen for emnet. Sensorene er høyt kvalifiserte jurister, med materielle og metodiske forkunnskaper på et helt annet nivå enn studenter som har eller skal avlegge eksamen i dette emnet. Sensorene forutsettes dessuten å ha særlig kjennskap til de rettsområdene som de sensurer innenfor. Av denne grunn er det ikke gitt at alle forhold for sensuren av eksamensbesvarelsene er omtalt i denne veiledningen. Særlig gjelder dette «juridisk allmennkunnskap» som sensorene forutsettes å kjenne til, herunder den betydning som metodiske ferdigheter, skjønnsmessig disponering av den tilgjengelige tiden og plassen, hensiktsmessig struktur, presis begrepsbruk, godt språk mv. alltid vil ha for vurderingen av en eksamensbesvarelse. En sensorveiledning kan ikke leses som en oppskrift på hvordan en god eksamensbesvarelse bør se ut.

Sensorveiledning for eksamen i [EMNE] – [SEMESTER]

Eksamensbesvarelsene skal vurderes ut fra karakterskalaen A-F. [EVT. BESTÅTT/IKKE BESTÅTT]

Generell, kvalitativ, beskrivelse av de ulike bokstavkarakterene

- A Fremragende: Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Kandidaten viser svært god vurderingsevne og stor grad av selvstendighet.
- B Meget god: Meget god prestasjon. Kandidaten viser meget god vurderingsevne og selvstendighet.
- C God: Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Kandidaten viser god vurderingsevne og selvstendighet på de viktigste områdene.
- D Nokså god: En akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Kandidaten viser en viss grad av vurderingsevne og selvstendighet.
- E Tilstrekkelig: Prestasjonen tilfredsstillende minimumskravene, men heller ikke mer. Kandidaten viser liten vurderingsevne og selvstendighet.
- F Ikke bestått: Prestasjon som ikke tilfredsstillende de faglige minimumskravene. Kandidaten viser både manglende vurderingsevne og selvstendighet.

Karakterfastsettelsen skal skje på grunnlag av følgende formulering i "Utfyllende retningslinjer for karakterfastsettelse i juridiske fag", fastsatt av Det nasjonale fakultetsmøtet:

Måling av juridiske egenskaper og ferdigheter skjer etter en sammensatt vurdering av ulike kvaliteter. Det avgjørende for karakterfastsettelsen skal være totalinntrykket av kandidatens prestasjoner, sett i forhold til oppgaven som er gitt. Ulike besvarelser av samme oppgave kan således ha hver sine sterke og svake sider, og likevel bli ansett som likeverdige ved totalvurderingen. På bakgrunn av dette angis det ikke fagspesifikke beskrivelser i form av faste regler om hva som kjennetegner det enkelte karaktertrinn eller hvilke egenskaper som teller mest.

Ved vurderingen av hvilke karaktertrinn som skal gis, ut fra de ovennevnte generelle beskrivelsene, vil det legges vekt på følgende ferdigheter i den totalvurderingen som skal foretas:

- Kunnskaper om og oversikt over oppgavens tema og relevant bakgrunnsstoff;
- Evne til å finne frem til og formulere rettslige problemstillinger, herunder skille mellom ulike problemer, prinsipale og subsidiære spørsmål, samt evne til å sette spørsmålene inn i sin rette sammenheng;
- Evne til å drøfte spørsmål på en faglig forsvarlig og skjønnsom måte, og utnytte det foreliggende rettsstoff og faktum i samsvar med fagets metodiske prinsipper. Til dette hører også blikk for hva som er vesentlig i forhold til det som er uvesentlig eller irrelevant, til å skille mellom det sikre og det tvilsomme, samt til å dimensjonere stoffvalg og proporsjoner i besvarelsen fornuftig;
- Blikk for rettspolitiske dimensjoner innenfor oppgavens tema, dog uten å tape av syne grensen mellom vurderingers betydning de lege lata og de lege ferenda;
- Selvstendighet ved evne til å resonnerer kritisk og uavhengig i forhold til foreliggende læremidler og undervisning;

- Språkbeherskelse, fremstillingsevne, presisjonsnivå og systematisk ryddighet ved skriftlig og muntlig redegjørelse for fagjuridiske emner.

Ferdighetene vil i varierende grad inngå ved den faglige totalvurderingen, og er ikke uttømmende angitt eller prioritert.

Vurderingen av eksamensprestasjonene skal ta utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivelsen.

[SETT INN LÆRINGSUTBYTTEBESKRIVELSEN FOR DET AKTUELLE EMNET HER]

[FØLG OPP MED EN (KORT) OMTALE AV HVILKE DELER AV LÆRINGSUTBYTTEBESKRIVELSEN SOM ANSES SÆRLIG RELEVANT FOR DEN AKTUELLE SENSUREN]

Kort om prøvingsformen

[SKOLEEKSAMEN, HJEMMEEKSAMEN, VARGIHET, TILGANG PÅ KILDER/HJELPEMIDLER]

[FOR KONTINUASJONSEKSAMENER: PÅPEK FORSKJELLENE I STUDENTPOPULASJONEN SAMMENLIGNET MED ORDINÆR EKSAMEN]

Kort om den aktuelle eksamensoppgaven

[FORHOLDET TIL PENSUMDEKNING, UNDERVISNING MV.]

[SETT INN LITTERATURLISTEN FOR EMNET HER]

[STIKKORDSMESSIG OMTALE AV MATERIELLE ELLER METODISKE POENG SOM ANTAS Å VÆRE SÆRLIG RELEVANTE FOR SENSUREN. FOR OPPGAVER MED FLERE DELER/DELSPØRSMÅL BØR DET SIES LITT OM HVER AV DELENE/SPØRSMÅLENE]

[SÆRLIG OMTALE AV FORHOLD AV BETYDNING VED TVILSTILFELLER, ISÆR I FORHOLD TIL STRYKGRENSEN.]

[SÆRSKILT FOR HJEMMEEKSAMENER: OMTALE AV HVILKEN VEKT SOM SKAL LEGGES PÅ HENVISNINGER, KILDETILFANG, LITTERATURLISTE MV.]

[SÆRSKILT FOR ENGELSKSPRÅKLIGE EKSAMENER: MINDRE VEKT PÅ SPRÅK ENN FOR EKSAMENSBEVARELSER I NORSKSPRÅKLIGE EMNER]

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 14/19

Endringar i emneskildring for MBLSP – Maritime Bergen Law Summer Programme: Vurderingsform og studiepoeng

Bakgrunn

I sitt møte 13. mars 2018 (sak 26/18) vedtok fakultetsstyret oppretting av emnet MBLSP Maritime Bergen Law Summer Programme. I saksutgreiinga frå då emnet vart oppretta kan vi lesa følgjande:

«Emnet vert i første omgang føreslått oppretta som eit «null-emne», altså eit emne som ikkje gjev studiepoeng. Ved Det juridiske fakultet kjenner vi frå før denne løysinga frå Etikkurset og frå TVEPS. På lengre sikt er det ønskje og planar om at emnet også skal kunna gje studiepoeng. Dette vil vera ein føremon både for fakultetet som får studiepoengsproduksjon (og dermed inntekter) frå sommarskulen, og for studentane som då eventuelt vil kunna få godskrive sommarskulen som del av den juridiske graden i heimlandet.

Pr no er programmet framleis under utvikling. I løpet av dei komande månadene skal det gjerast nærare avtaler med føredragshaldarar og dei konkrete førelesingstitlane vil koma på plass. Ved første gongs gjennomføring vil mykje framleis vera på utprøvingsstadiet, og 2018-utgåva vert difor rekna som ein pilot. Det er på noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å slå fast kva som vil vera faktisk arbeidsmengd og kor mange studiepoeng emnet kan kvalifisera til å gje. UiB har bestemt at eit studieår (60 sp) skal vera 1 600 arbeidstimar. Studieåret er på 40 veker. Det vil seia at ei veke svarar til 1,5 sp. Med to vekers fulltids sommarskule kan ein sjå for seg eit emne på 3 studiepoeng, men ein kan og også sjå føre seg modellar der studentane skal gjennomføra noko forarbeid og/eller etterarbeid og at den totale arbeidsmengda då kan bli verd meir enn tre studiepoeng. Dette er spørsmål ein vil sjå nærare på etter å ha hausta erfaringar etter første gongs gjennomføring, og dersom ein finn grunnlag for å knyta studiepoeng til emnet vil det bli lagt fram ei ny sak for Studieutvalet om dette på eit seinare tidspunkt.»

Første gongs gjennomføring i august 2018 var ein ubetinga suksess. Tilbakemeldingane frå studentane, og frå førelesarar, offentlege instansar og bedrifter som bidrog til programmet, var særst gode. Sjølvstøtt er det komponentar i 2018-versjonen som vi ser at bør justerast og gjerast betre i 2019. For ei oppsummering og eit inntrykk av Maritime Bergen Law Summer Programme 2018 viser vi til filmen som vart produsert av Dragefjellet lærings- og formidlingssenter for bruk til marknadsføring av sommarprogrammet. Denne er å finna via denne lenka: <https://vimeo.com/313799991>

Meir informasjon om sommarprogrammet og komplett program for 2018-versjonen finn ein via denne lenka: <https://www.uib.no/en/chinese-law-centre/112421/maritime-bergen-law-summer-programme> Programmet for 2019 er under utarbeiding. Det vil i all hovudsak likna på programmet for 2018, men med nokre justeringar basert på erfaringane og tilbakemeldingane frå 2018.

Justeringar i emneskildringa

I det følgjande vert det gjort greie for behova for endringar i emneskildringa som er identifiserte på bakgrunn av erfaringane frå 2018, eller som gjer seg gjeldande som følgje av planar for vidareutvikling i 2019. Til sist følgjer dagens emneskildring slik den er presentert på nett, med spor endringar. Dei største endringane gjeld at det vert lagt til vurderingsform (sertifiseringsgrunnlag) og studiepoeng, men det vert og gjort framlegg om ei rekke endringar også under andre punkt i emneskildringa.

Studiepoeng (ECTS-credits)

2018-versjonen var ein pilot der vegen i stor grad måtte bli til medan vi gjekk. På bakgrunn av piloten i 2018 har vi no hausta så mykje erfaring og kome så langt i utviklinga av sommarprogrammet at vi meiner at det ikkje er nokon grunn til at emnet ikkje også skal kunna gje studiepoeng, og slik gje inntekter til fakultetet i form av studiepoengsproduksjon.¹ Studiepoeng vil ikkje berre vera ein føremon for fakultetets økonomi, men også vera av verdi for både dei norske og dei utanlandske studentane.

Basert på lengda av sjølve programmet, to veker, kunne ein tenkja seg at emnet gav 3 studiepoeng. I 2018 vart kvar førelesar beden om å koma med framlegg til tilrådd litteratur slik at studentane kunne utforska tema for forelesinga vidare dersom dei ønskte det. I løpet av dei to vekene undervisninga føregår er programmet så tettepakka av førelesingar og bedriftsbesøk at det er nær sagt umogleg for studentane å forhalda seg aktivt til den tilrådde litteraturen. I tillegg kjem at det er slitsamt å vera i eit ukjend land og ein ukjend kultur, slik at energien som er att til lesing på slutten av ein lang dag er ikkje-eksisterande. Sjølv om det ikkje er krav om at ein skal ha forkunnskapar innan maritim rett, og førelesingane i 2018 heller ikkje var lagt opp slik at ein venta at studentane skulle ha sett seg inn i noko materiale på førehand, såg vi at det ville løfta diskusjonane og innspela i undervisninga, og dermed også læringsutbyttet, dersom studentane hadde hatt høve til å gjera seg litt kjend med temaa til førelesingane på førehand.

¹ Fordi emnet i hovudsak er eksternt finansiert gjennom midlar fakultetet har fått tildelt frå Diku sitt UTFORSK-program og gjennom søknader om stønad som Maritime Bergen og fakultetet har fått innvilga frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og aktørar i næringslivet, er det pt. uklart kor stor del av resultatmidla som vil bli overførte til fakultetet. Emnet trekkjer ikkje på fakultetets undervisningsrekneskap, då både eksterne og interne undervisarar vert honorerte via Maritime Bergen. Likeeins vert alle kostnader til kost, losji og transport under sommarprogrammet dekte av dei eksterne midla. Dei kostnadene fakultetet sit att med er administrative ressursar, internhusleige, kopiering etc. Deler av desse kostnadene kan også seiast å vera dekte då administrative kostnader ligg inne i budsjettet for UTFORSK-prosjektet. Tilskotet til administrative kostnader i UTFORSK-prosjektet er ein samlepott som også skal kompensera for administrasjon av ei rekkje andre aktivitetar i prosjektet. Det er likevel ikkje tvil om at dei administrative kostnadene i Diku-finansierte prosjekt må sjåast som eit tilskot, og ikkje fullfinansiering av dei reelle administrative kostnadene.

Kor stor del av emnet som er internt og eksternt finansiert har betydning for kor store deler av resultatmidla som vert overførte til fakultetet, og vert bestemt av den prosenten vi har gjeve opp i FS. Per dato står emnet registrert som 100% internfinansiert ettersom det fordi det var 0 studiepoeng uansett ikkje spelte noka rolle for dei resultatbaserte overføringane. Når emnet no vert føreslått endra til å gje studiepoeng er det viktig at prosentsatsen vert oppgjeven korrekt. Administrasjonen held på å å prissetja det interne bidraget, og undersøker også korleis andre fakultet bereknar eigeninnsatsen i emne med eksterne bidrag. Dette arbeidet er ikkje slutført på noverande tidspunkt, men det er klart at prosenten som er registrert i FS per dato må nedjusterast før vi får overføringar for 2019-versjonen.

I 2019 planlegg vi difor å gjera den tilrådde litteraturen tilgjengeleg i forkant av kurset, og uttrykkja ei forventning om at studentane til ein viss grad har sett seg inn stoffet på førehand. Dette gjer at arbeidsmengda på kurset i realiteten blir meir enn berre dei to vekene programmet pågår. Vi tek sikte på å gjera litteraturen tilgjengeleg *minimum* fire veker før programstart og legg til grunn at studentane vil nytta i overkant av ei veke til å førebu seg til sommarprogrammet. Dette gjev grunnlag for å tileigna emnet ytterlegare 2 studiepoeng, altså totalt 5 studiepoeng.

Ein føremon med at emnet får 5 og ikkje 3 studiepoeng, er at det vil passa betre inn i det som elles er den ordinære spesialemneporteføljen ved fakultetet slik at dei norske studentane som gjennomfører Maritime Bergen Law Summer Programme kan få nytte av emnet som del av spesialemna i mastergraden sin.²

Studienivå (Level of Study)

Ved første gongs gjennomføring vart studienivå sett til bachelor. Dette var både for ikkje å gapa for høgt før vi kjende innhaldet i emnet betre, og fordi vi ønskte å gjera emnet tilgjengeleg for norske studentar frå alle studieår.

Når emnet no skal få studiepoeng, ønskjer vi at det skal kunna reknast som eit spesialemne i mastergraden i rettsvitenskap. Desse er oppgitt å vera på masternivå. Difor vert studienivå føreslått endra til master.

Mål og innhald (Objectives and Contents)

Mål og innhald vert føreslått utdjupa for å gje eit betre bilete av innhaldet i emnet. Det er inga faktisk endring frå 2018 til 2019, berre grundigare informasjon i emneskildringa.

Krav til forkunnskapar (Required Previous Knowledge)

Forkunnskapane dreier seg om kven som er kvalifisert for å ta dette emnet. For Maritime Bergen Law Summer Programme er ein sentral "kvalifikasjon" at ein er student ved eit av partneruniversiteta som er inviterte til å senda deltakarar til programmet. 2018-versjonen var ein pilot som opna for færre deltakarar enn det som var planen på lengre sikt. Som følgje av at 2019-versjonen vert utvida frå 20 til 35 internasjonale studentar, og at fleire av fakultetets partneruniversitet i Kina vert inviterte til å senda studentar, vert lista over universitet under overskrifta krav til forkunnskapar endra.

I tillegg til å utvida lista over kinesiske partneruniversitet som får senda studentar, får også fakultetets mangeårige partner Mitchell Hamline School of Law i St. Paul, Minnesota, USA høve til å senda inntil 5 studentar. Dette er ei oppfølging av at fakultetet gjennom mange år var vertskap for eit sommarprogram i regi av Hamline University School of Law. Sommarprogrammet vart lagt på is då finanskrisa sterkt påverka

² I dag er spesialemna ved fakultetet i hovudsak på enten 10 eller 20 studiepoeng. Men i kombinasjon med til dømes emnet JUS277-2-A Introduction to Copyright Law på 5 studiepoeng eller emnet JUS329 Skriveveiledning og gruppeledelse vil dei 5 studiepoenga frå Maritime Bergen Law Summer Programme kunna bidra til å oppfylle kravet om 30 studiepoeng spesialemne i mastergraden i rettsvitenskap.

søknads- og opptakstala til law schools i USA, og dermed også interessa for sommarprogrammet. Dei seinare åra har Mitchell Hamline ytra ønskje om å re-etablere eit sommarprogram i samarbeid med fakultetet. På noverande tidspunkt kan vi ikkje sjå at vi har kapasitet til å gå inn i eit slikt samarbeid med Mitchell Hamline, og som ei mellomløyse har vi føreslått at dei kan få senda nokre studentar til Maritime Bergen Law Summer Programme. Dette gjev oss samstundes høve til å testa ut om sommarprogrammet vil vera eigna for ein breiare internasjonal studentmasse enn berre kinesiske studentar. Å introdusere ei gruppe studentar frå eit tredje land, med ein rettskultur ulik både den norske og den kinesiske, vil også auka internasjonaliseringa i programmet og kunna gje auka utbyte både for norske og kinesiske deltakarar.

Fordi den amerikanske juridiske graden er berre ein treårig grad, men ein «graduate degree» som ein byrjar på etter først å ha fullført ein «undergraduate degree» innanfor eit kva som helst anna fagområde, vil dei amerikanske studentane vera vidarekomne studentar allereie tidleg i studiet. Under forkunnskapskrav vert det difor spesifisert at dersom den juridiske graden ein er teken opp til i heimlandet er ein «graduate degree», er det tilstrekkeleg med berre eitt år med jusstudier før opptak til Maritime Bergen Law Summer Programme. I staden for å laga eit eksplisitt skilje mellom amerikanske studentar og eitt år med jusstudier på den eine sida og kinesiske studentar med to år med jusstudier³ på den andre sida, er forkunnskapsskrava utforma meir generelt for internasjonale studentar. På denne måten vil forkunnskapsskrava kunna passa også dersom det i framtida skulle bli opna opp for studentar frå alle land.

Under forkunnskapskrav (som i dette tilfellet meir er kvalifikasjon for opptak) vert det no også presisert at studentar som ikkje har fullført emnet tidlegare vil verta prioriterte framfor studentar som har fullført emnet frå før. Dette er med tanke på at nokre av dei norske deltakarane i 2018-versjonen potensielt kan komma til å ønskja å delta på nytt, noko som det ikkje er noko formelt i vegen for. Likevel finn vi det naturleg å prioritere nye søkjarar framfor søkjarar som alt har delteke. Maritime Bergen Law Summer Programme er eit godt høve til «internasjonalisering heime», og ein slik moglegheit er det ønskjeleg at flest mogleg norske studentar får ta del i. Det er difor føremålstenleg å prioritere nye søkjarar.

Under avsnittet som gjeld norske studentar vert talet på plassar for norske studentar endra frå «up to 10 students» til «10-15 students». 10 norske deltakarar er framleis idealet, men erfaringa frå 2018 viser at det kan koma noko fråfall idet studentane får svar på søknaden sin eller i løpet av sommaren. Det er difor behov for å ta opp litt fleire enn 10 norske studentar.⁴ Etter som det vil variera kor mange som eventuelt fell frå mellom at dei har fått opptak til emnet og at undervisninga startar, vil det eksakte talet på norske studentar kunna variera noko frå år til år. Den praktiske gjennomføringa av programmet vil ikkje lida av at vi eventuelt ender med litt fleire enn 10 norske studentar.

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning (Teaching Methods and Extent of Organized Teaching)

³ Kinesiske studentar med to år med jusstudier bak seg vil normalt vera minst på tredje studieår ettersom den juridiske graden i Kina også inneheld andre emne enn juss dei første par åra.

⁴ I 2018 var det totalt 12 studentar som søkte om å få delta på emnet. Vi valde å gje tilbod om opptak til alle dei 12 studentane sjølv om emnet offisielt berre hadde 10 plassar til norske studentar. Ved undervisningsstart var det 8 norske studentar som framleis var med og som fullførte MBLSP 2018.

Under dette punktet er det inga materiell endring frå 2018 til 2019, berre betre formulering av informasjonen i emneskildringa, samt at informasjon knytt til tidspunkt for høvesvis førelesingar og ekskursjonar (morgon/ettermiddag) er teke bort då dette er timeplanrelatert og ikkje treng stå i emneskildringa.

Obligatorisk undervisningsaktivitet (Compulsory Attendance and Assignments)

Kravet om 75 % oppmøte på førelesingar og bedriftsbesøk vert vidareført. I emneskildringa tek vi høgde for at nokre av dei norske studentane som deltok i 2018 kan komma til å ønskja å delta på nytt i 2019. Dette både fordi programmet og interaksjonen med dei kinesiske gjestene var ei så kjekk oppleving at dei kan ønskja å gjera det på nytt, og fordi dei kan ha ønskje om å oppnå studiepoenga emnet no vil gje.

Det er, som allereie nemnt ovanfor, ikkje noko i reglementet som er til hinder for at studentar som deltok i 2018 kan gjera det på nytt i 2019. Men fordi dei norske studentane har ei sentral rolle i gjennomføringa av sommarprogrammet som vertskap og guidar for dei kinesiske studentane, er det avgjerande for sommarprogrammets suksess at dei norske studentane deltek fullt ut også om dei tek emnet for andre gong. Det er difor lagt til eit atterhald om at studentar som eventuelt tek emnet på nytt må delta på nytt i undervisning og bedriftsbesøk. Godkjend oppmøte frå 2018 vil ikkje kunna vidareførast som godkjend oppmøte i seinare års versjonar.

Vurderingsformer (Forms of Assessment)

Når emnet no vert studiepoenggevendende ser vi behov for å leggja til eit anna sertifiseringsgrunnlag enn berre godkjend oppmøte. Det er naudsynt å kunna kontrollere at studentane har oppnådd det forventa læringsutbyttet, og ikkje berre har vore fysisk tilstades. Ved val av vurderingsform har vi lagt vekt på at det er eit kort og særskilt kurs slik at ein kan ikkje ha forventningar om at studentane rekk å tileigna seg særleg detaljert djupnekunnskap om maritim rett. Gjennom prøvingsforma må studentane likevel kunna visa at dei har fått eit visst overblikk over maritim rett og at dei i løpet av kurset har gjort seg nokre refleksjonar om kva som særpregar maritim rett. Vi har kome fram til at heimeeksamen framstår som den mest eigna vurderingsforma, og vi har vurdert korvidt denne skal leverast innan sommarprogrammet er slutt eller i etterkant av programmet.

Å skulla levere ein heimeeksamen til dømes nokre veker etter at programmet er slutt fryktar vi at vil bli prioritert vekk fordi ein så raskt vert fanga i dei ordinære studia sine og flyttar fokus bort frå sommarprogrammet. Vi ønskjer difor at vurderinga skal gjennomførast før studentane reiser heim frå sommarprogrammet for slik å sikra at alle faktisk avlegg eksamen og forhåpentlegvis består kurset. Ved å utforma eksamen som eit refleksjonsnotat kring nokre utvalde spørsmål, ser vi òg for oss at vi vil unngå eventuelle utfordringar knytt til potensielt ulik akademisk skrivekultur og ulik tradisjon for korleis ein nyttar og siterer kjelder.

Etter grundig vurdering har vi kome fram til at studentane første dag på sommarprogrammet vil få utdelt spørsmål/tema som skal handsamast i eit refleksjonsnotat som dei så smått kan arbeida med gjennom begge dei to vekene. Siste dag av programmet vert det også sett av ein bolk der studentane vert gjeve tid til å ferdigstill, eventuelt skriva, refleksjonsnotatet før innlevering.

I tilfelle der studentar ikkje får levert eksamen grunna sjukdom, eller ikkje består eksamen på første forsøk, vil kontinuasjonseksamen bli avtalt og organisert på individuell basis.

Litteratur (Literature)

Frå 2018-versjonen fekk den emneansvarlege hjelp til identifisera relevant litteratur for emnet. Kvar førelesar vart beden om å føreslå ein artikkel eller liknande, helst Open Access, som ville vera relevant som introduksjon til, eller vidare lesing om, temaet dei skulle førelese over. I samråd med årets førelesarar (som i hovudsak vil bli dei same som 2018) vil den emneansvarlege på denne bakgrunnen setja saman ei litteraturliste som vil bli lagt fram for Studieutvalet for godkjenning innan sommaren 2019. Det vil truleg vera mest praktisk å samla litteraturen i eit kompendium.

Når det gjeld å gjera litteraturen (og eit eventuelt kompendium) tilgjengeleg for studentane, må vi finna fram til ei løysing som gjer det mogleg for studentane å få tilgang til litteraturen i forkant av kurset. Pt. er det usikkert om litteraturkiosken, som er UiB si standardløysing, vil vera tenleg i dette tilfellet. Dette er spørsmål som vil bli utgreidd i løpet av våren, og som den emneansvarlege i samråd med administrasjonen vil finna ei løysing på i god tid før studentane treng tilgang til litteraturen.

Vedtaksforslag

Dei føreslåtte endringane i emneskildringa, slik dei er viste i vedlegget, vert vedtekne.

INTØ/BJBO 18/02/19

Vedlegg: Emneskildring med spor endringer

ECTS Credits

~~Emnet gjev ikkje studiepoeng, men godkjend deltaking kan påførast vitnemålet.~~

5 ECTS

Level of Study

~~BA~~ Master

Teaching semester

Summer.

Objectives and Content

Bergen is the maritime capital of Norway, and the Maritime Bergen Law Summer Programme provides an introduction to Maritime Law in a broad sense. The maritime business sector is of great national importance. In addition, it represents huge opportunities for cooperation between Chinese and Norwegian enterprises.

The course is built up around the life cycle of a ship. Starting out from ship registers, ship financing and shipbuilding contracts. Continuing to contracts for the carriage of goods and passengers, marine insurance and liability for damage, loss and delays. Then the more troublesome parts of a ship's life such as environmental law and marine pollution, and choice of law and dispute resolution when problems or conflicts arise.

In addition to its focus on essential legal features of the maritime business sector, the curriculum introduces students to key features of doing business in Norway. Students will also be introduced to the Nordic Arbitration Model which is a recognized and often preferred model for solving disputes internationally.

Learning Outcomes

After completion of the Maritime Bergen Law Summer Programme, it is expected that the students should have basic knowledge of essential features of Maritime Law and the Maritime Business Sector.

The student shall have acquired:

- experience from interacting with persons from a different culture than their own and from explaining features of their own legal culture to a person from a legal culture different than their own.
- ability to communicate and cooperate with fellow students from a culture different from their own;
- basic legal English skills

Required Previous Knowledge

International students:

Admission is restricted to a designated number of five students from each of the following universities:

- China University of Political Science and Law
- City University Hong Kong
- Mitchell Hamline School of Law (USA)
- Peking University Law School

- [Renmin University of China Law School](#)
- Shanghai Jiao Tong University KoGuan Law School
- Tsinghua University School of Law

[Each year, the participating universities will be informed about the available number of places for their students.](#)

Interested students should contact the study abroad coordinator at their home university. Students will apply to their home university who selects and nominates a designated number of students.

To be eligible, students should have previous knowledge of law. By previous knowledge of law, we expect that students have studied law courses equaling approximately two years of law studies before the programme starts. Previous knowledge of Maritime Law is not required. [If the student is enrolled in a graduate law programme, one year of law studies is sufficient.](#)

Students should also have a good command of English, both written and spoken.

Norwegian students:

[Up to 10-15](#) students enrolled in the [MAJUR](#) or [MAJUR-2](#) programme may be admitted.

Interested students must submit an application according to the instructions and deadline which will be published annually in MittUiB well in advance of the next upcoming summer programme.

If the number of applicants is greater than the number of places available for Norwegian students, students will be selected based on the quality of their application. The selection is done by the course leader and the course administrator.

[Given that there are places available, students who attended the 2018 0-credits version may attend the MBLSP course again to gain ECTS credits.](#)

Given that there are places available, students who complete their master of law degree between the time of application and the start of the Summer Programme, may attend the programme enrolled as [POSTMAJUR](#) students.

However, students who will still be enrolled in the [MAJUR](#) or [MAJUR-2](#) programme at the time of the Summer Programme, will be selected before students who according to plan will complete the master of law degree before the start of the Summer Programme.

Recommended Previous Knowledge

Good level of English language.

Access to the Course

[MAJUR](#), [MAJUR-2](#), [POSTMAJUR](#), [INTL-MBLSP](#)

Teaching Methods and Extent of Organized Teaching

[During the two-week long programme, there will be a combination of lectures and field trips. classes in the mornings, and in the afternoons there will be site visits to businesses and government offices operating in the maritime business sector.](#)

[In addition to classroom lectures and discussions, each student's learning experience is enriched through a series of The field trips are site visits to businesses and government offices operating in the maritime business sector some of Maritime Bergen's member companies.](#) The companies represent the whole value chain of the maritime cluster; ship owners, service providers, shipyards and equipment manufactures.

Compulsory Assignments and Attendance

[Attendance](#) of lectures and excursions which are part of the programme is mandatory. An up to 25 % deviation from the general rule of 100 % attendance can be accepted.

In case a student who attended the 2018 0-credits version wishes to attend the programme again to earn ECTS credits, attendance of lectures and excursions in 2018 does not count towards later versions of the course. This is due to the key role Norwegian students have in the implementation of the programme, acting as hosts for the international students.

Forms of Assessment

Take home exam.

When a need for resit occurs, a resit will be organized on an individual basis.

At the beginning of the two-week programme, the students will be given select topics and questions to reflect upon throughout the duration of the programme. On the last day of the two-week programme, each student must submit an individual reflection paper based on their learning throughout the course.

The reflection paper may be developed throughout the duration of the programme. On the final day of the programme, the afternoon session will be reserved for finalizing and completing the paper before submission.

The reflection paper must be an individual, original work by the student, complying with academic and scientific ideals following academic standards for citation and references.

The reflection paper must be ~~no more than~~ 2000 - 3000 words.

The reflection paper will be evaluated on a pass/fail basis.

Exam language:

- Question paper: English
- Answer paper: English

Grading Scale

Pass or fail.

Subject Overlap

No overlapping with other courses.

Course Coordinator

Professor Bjørnar Borvik, PhD.

[Tilbake til sakslisten](#)

Sak 15/19**Søknad fra Sören Koch om å få dekket kr. 1 200 for å registrere seg som «teacher» i Kahoot!**

Han viser til denne siden og opplyser at i Norge fikk han prisen oppgitt i NOK og til 1 200 kroner.



Step 3 of 3

Billing information

First name *

Last name *

Email address *

Email address

Company / Organization name *

Company / Organization name

VAT number (optional)

VAT number (optional)

Card details

VISA

AMEX

Card number *

XXXX - XXXX - XXXX - XXXX

Expiry date *

MM

YY

CVV ?

CVV

Country *

Select a country

Postal code *

Safe, secure, encrypted payment.

[Want to pay by invoice?](#)

Tracy Grinberg,
2nd and 3rd grade teacher, Loyola
Elementary School, Los Altos, CA

Kahoot! Pro for higher education

Users:

-

1

+

Summary

Annual plan price: **\$120.00**

Discount: **\$0.00**

[Apply coupon code](#)

Billed now: \$120.00

Buy now

6 reasons to start with Kahoot! Pro for higher education

✓

Gamify learning and make learning awesome, fun and engaging

✓

Track progress and step up formative assessment with advanced reports

✓

Get a secure team space.

✓

Collaborate on games with colleagues

✓

Boost community spirit by branding your games

✓

Keep our learning platform free for K-12 teachers and students around the world

[Tilbake til sakslisten](#)